

Forslag til høyringsinnspel frå UiT til NOU 2020: 3 om ny UH-lov

Kapittel 1 Formål og verkeområde

I følgje utvalet skal det nye lovforslaget skilje tydelegare enn gjeldande lov på kva som er institusjonane sitt formål og kva slags oppgåver dei har. Tema som inngår i kapittel 1 *Lovens formål og virkeområde* i gjeldande lov er derfor erstatta av kapittel 1 *Formål og virkeområde* og kapittel 2 *Virksomhet og ansvar* i forslaget til ny lov.

§ 1-1 i dagens lov slår fast formålet med lova. I § 1-3 vert dette følgt opp med å spesifisera korleis lova skal føra til at institusjonane medverkar til at lova når måla. I lovutkastet er desse perspektiva erstatta med at lova slår fast formåla til universiteta og høgskolane (§1-1) og deira oppgåver. (§2-1).

UiT registrerer at praksis i norsk lovskriving ser ut til å vera ulik når det gjeld slike inngangar. Mange lover som regulerer statlege institusjonar startar med å slå fast lova sine formål, slik gjeldande lov gjer, medan til dømes barnehage- og opplæringslovene startar slik som lovutkastet gjer. Vi ser utvalet sine grunngevingar for endringa, men er likevel usikker på om denne endringa er rett å gjera. Universitet og høgskular har ein annan posisjon i høve til statleg styring enn barnehagar og grunnskular, mellom anna gjennom ein langt større institusjonell autonomi. Vi meiner derfor at ein skal vera varsam med å slå fast forholdsvis detaljerte institusjonsformål og -oppgåver i ei slik lov, samstundes som det er spesielt viktig at eit lovverk retta mot universiteta og høgskolane er godt grunngeve. Vi meiner likevel at utkastet til ny §1-1 er betre enn gjeldande § 1-1, uansett om regelen gjeld formålet med lova eller formålet med institusjonane.

Kapittel 2 Verksemd og ansvar

Til § 2-1 *Institusjonens oppgaver*. UiT ynskjer ein lovtekst som tilsvavar § 1-3 i gjeldande lov (som ikkje er ulik utvalets framlegg til § 2-1), men med eit par endringar. Vi meiner at departementet bør vurdere å ta inn ei formulering som dekkjer institusjonanes arbeid for å gjera studietilbod tilgjengelege. Dette perspektivet på verksemda til universiteta og høgskolane er t.d. understreka nyleg gjennom departementets brev til institusjonane om å føreslå tildeling til nye studieplassar frå hausten 2020 – der det heiter på den første sida at «Regjeringen har som mål at alle skal ha god tilgang til relevante utdanningstilbud av høy kvalitet». Forslag til ordlyd i § 2-1 (endringar frå gjeldande lov § 1-3 er utheva, sjå pkt. a og i):

§ 2-1. Institusjonenes virksomhet

Universiteter og høyskoler skal arbeide for å fremme lovens formål ved å:

- a) tilby og **gjøre tilgjengelig** høyere utdanning som er basert på det fremste innen forskning, faglig og kunstnerisk utviklingsarbeid og erfaringskunnskap.*
- b) utføre forskning og faglig og kunstnerisk utviklingsarbeid.*
- c) forvalte tilførte ressurser effektivt og aktivt søke tilføring av eksterne ressurser.*
- d) bidra til å spre og formidle resultater fra forskning og faglig og kunstnerisk utviklingsarbeid.*
- e) bidra til innovasjon og verdiskapning basert på resultater fra forskning og faglig og*
- f) kunstnerisk utviklingsarbeid.*
- g) legge til rette for at institusjonens ansatte og studenter kan delta i samfunnsdebatten.*

- h) bidra til at norsk høgere utdanning og forskning følger den internasjonale forskningsfronten og utviklingen av høgere utdanningstilbud.*
- i) samarbeide med andre universiteter og høyskoler og tilsvarende institusjoner i andre land, lokalt og regionalt samfunns- og arbeidsliv, offentlig forvaltning og internasjonale organisasjoner.*
- j) tilby etter- og videreutdanning, med et særlig ansvar for institusjonens primære regionale virkeområde.*

Om gradsforskrifta (Fastsett med heimel i uhl. § 3-2, jf § 2-6 i lovforslaget).

UiT meiner det bør være ein god balansegang mellom nasjonal styring og institusjonell autonomi når det gjeld dimensjonering og fordeling av høgre utdanningstilbud. Hovudregelen må sjølvstendig være at det er institusjonane sjølv, i dialog med regionar og arbeidsliv, som avgjer kva slags studietilbud dei skal tilby. Det er likevel nødvendig med nasjonal styring og regulering av utdanningar der det er avgjerande å utdanne ei viss mengde kandidatar nasjonalt, og der det samtidig er behov for kostbar infrastruktur og/eller er sterk konkurranse om fagkompetanse på feltet. Det er etter vårt syn ikkje hensiktsmessig at den enkelte institusjon fritt skal kunne etablere slike utdanningar. UiT sluttar seg derfor til fleirtalet i utvalet og anbefaler at gradsforskrifta vert vidareført, og vil også vise til Grimstad-utvalet sine anbefalingar for medisin.

Vi vil også peike på at mindretalet i si grunngjeving for å oppheve gradsforskrifta blander saman institusjonell og fagleg autonomi. Det er heller ikkje rett (slik mindretalet legg til grunn) at den regionale rolla til institusjonane jamt over vil bli styrka om ein legg opp til å avvikle nasjonal regulering av visse typar utdanning. Lovreguleringa vi har i dag er i alle fall særskilt viktig for å sikre tilgang på tilsette, studentar og kandidatar innanfor sentrale profesjonsutdanningar for Nord-Norge.

Kapittel 3 Organisering og leiding ved statlege institusjonar

UiT tar ikkje stilling til dette kapittelet no på grunn av interne prosessar som er i gang i samband med at universitetsstyret i juni skal ta stilling til styring og leiding for kommande rektorperiode.

Kapittel 4 Organisering og leiding ved private institusjonar

UiT har ingen innspel til kapittelet.

Kapittel 5 Private universitet og høyskular

UiT har ingen innspel til kapittelet.

Kapittel 6 Opptak til høgare utdanning

UiT støttar forslaga som gjeld studiekompetanse i kapittel 6, og vil gi særleg støtte til forslaget som gjeld opptaksforskrifta § 7-13 om at regelen om særskilt vurdering ikkje skal vidareførast.

UiT støttar ikkje forslaget om å fjerne kjønnspoeng ved opptak til studiar. Det er ennå fagområde der det framleis er behov for tiltak som betrar kjønnsbalansen i studiar og yrke der han er særskilt viktig.

Kapittel 7 Læringsmiljø og studentrepresentasjon

UiT har ingen innspel til kapittelet.

Kapittel 8 Undervisning, vurdering, sensur, klage og utferding av vitnemål

Til § 8-7. *Gjennomføring av førstegangssensur:*

Første ledd: UiT støttar ikkje utvalet sitt forslag om å innføra ein tredelt karakterskala i tillegg til A-F og bestått/ikkje bestått. Vi meiner det er tilstrekkeleg med ein gradert og ein ugradert skala slik vi har i dag.

Andre ledd: Det går fram av utgreiinga at bruk av to sensorar fremjar likare og meir rettferdig vurdering. UiT støttar derfor forslaget om utvida bruk av to sensorar. Rett nok vil eit krav om to sensorar, og ein av dei ekstern, føra til auka administrasjon og betydeleg auke i kostnadane, men her må studentane sin rettstryggleik setjast framom økonomiske omsyn. Utvida bruk av ekstern sensor vil også bidra til å sikre nasjonale normer for vurdering.

Til § 8-10. *Klage over karakterfastsetting:* UiT støttar forslaget om at ordninga med blindsensur skal fjernast.

Til § 8-11. *Gjennomføring av klagesensur:* Sidan det er eit unntak frå forvaltningslova sine reglar, bør det gjerast heilt klart at første instans ikkje skal behandla klager over karakter. Forslag til endring av første ledd, første og andre punktum: *Ved klage etter § 8-10 skal institusjonen sende klagen direkte til de nye sensorene (klagekommisjonen). Studentens begrunnelse og sensorveiledningen skal gjøres tilgjengelig.*

...

Til gjeldande lov: UiT støttar forslaget om å fjerna uhl. § 5-3 sjette ledd; ny vurdering ved avvikande karakter.

Til § 8-13. *Vitnemål* fjerde ledd: UiT støttar forslaget om at det skal stå i vitnemålet kor mange gonger ein eksamen er tatt. Dette kan bidra til at færre tar eksamenar på nytt for å betra karakteren i emne dei alt har bestått, noko som lett går ut over progresjonen i studiet. At talet på gjentak står på vitnemålet vil dessutan gi eit rettare bilde av ein kandidat sine prestasjonar enn tilfellet er når berre gjeldande forsøk blir tatt med.

Utvalet legg til grunn at det følgjer av alminneleg forvaltningsrett at siste karakter gjeld ved gjentak av eksamen (side 409 første spalte). Sidan kvar eksamen er ei separat sak er det truleg ikkje tilfellet, men for ordens skuld vi vil presisera at UiT ikkje støttar eit eventuelt forslag om at siste karakter skal gjelda.

Kapittel 9 Godkjenning av høgare utdanning

Utvalet føreslår mellom anna ei strukturendring slik at det blir to reglar om godkjenning som gjeld utanlandsk utdanning og to som gjeld norsk utdanning og realkompetanse. Dette meiner vi gjer reglane både tydelegere og meir oversiktleg, og UiT støttar forslaget. Det er også bra at “godkjenning” er det felles omgrepet som skal brukast. Vi føreset at det same vil bli tilfellet i godskrivingsforskrifta.

Kapittel 10 Sanksjonar ved uønska atferd

UiT føreslår følgjande overskrift til kapittel 10: *Politiattest, skikkethetsvurdering, sanksjoner ved akademisk uredelighet og annen uønsket adferd*. Vi meiner at utvalets forslag (*Sanksjoner ved uønsket*

adferd) ikkje er treffande nok for innhaldet, for eksempel når det gjeld plikt til skikketheitsvurdering gjennom heile studiet.

Vidare føreslår vi at rekkefølgja på paragrafane i kapittelet blir endra i høve til kvar studentane er i studieløpet. Forslag til ny rekkefølge:

§10-1: Politiattest med merknad

§10-2: Falskt vitnemål ved opptak

§10-3: Falskt vitnemål og fusk ved eksamen, prøve eller godkjenning av kurs

§10-4: Skikkethetsvurdering

§10-5: Forstyrrende opptreden

§10-6: Grovt klanderverdig opptreden

§10-7: Graden philosophiae doctor

Osv. i den rekkefølgen som er deretter.

Til § 10-1 (forslag: § 10-4). *Skikkethetsvurdering*, første ledd: Regelen bør opna med å fastsetja den lovpålagde plikta til å skikkethetsvurdere studentar. For eksempel: «*Departementet kan fastsette at i enkelte utdanninger skal institusjonen vurdere om den enkelte student er skikket for yrket.*»

Til § 10-2. *Falskt vitnemål ved opptak*, første ledd: UiT stiller spørsmål til om det i tillegg til falske vitnemål eller andre falske dokument også burde nemnast dokument som har eit urett innhald, eller som er eigna til å gi feil bilde av søkar sine kvalifikasjonar. Dette gjeld også for andre stader i lova der falske vitnemål eller andre falske dokument er nemnde.

Til § 10-2. *Falskt vitnemål ved opptak*, tredje ledd: UiT meiner inndraging av falske vitnemål eller falske dokument ikkje er ei tilstrekkeleg effektiv løysing, då eit dokument for eksempel kan kopierast og brukast på nytt digitalt, sjølv om det blir inndratt. Vi har ikkje forslag til til alternativ lovtekst, men i dag skjer innsending av dokumentasjon til utdanningsinstitusjonane digitalt, og reaksjonar på bruk av falsk dokumentasjon må tilpassast dette.

Til § 10-4 (forslag: § 10-5). *Forstyrrende opptreden*, første ledd: Her bør det stå «*medstudenters eller ansattes arbeid*». Dette gjeld for heile paragrafen.

Til § 10-4 (forslag: § 10-5). *Forstyrrende opptreden*, andre ledd: UiT meiner det er unødvendig byråkratisk og tidkrevjande at styret må gi advarsel. Advarsel bør for eksempel kunne gjevast av universitetsdirektøren.

Til § 10-4 (forslag: § 10-5). *Forstyrrende adferd*, tredje ledd: UiT føreslår at studenten bør kunne utestengast inntil to år på bakgrunn av forstyrrande åtferd. Hvis ein student først har gått så langt at saka går til klagenemnda, så bør ein ha høve til å halda personen borte frå institusjonen i inntil to år, dersom studenten sine handlingar og situasjon tilseier det.

Til § 10-5 (forslag: § 10-6). *Grovt klanderverdig opptreden*: Dei problemstillingane regelen tar opp er typiske i saker om særskilt skikkavurdering, og på studium med skikkavurdering vert dei løyste av anna regelverk. Den føreslåtte regelen har derfor eit litt uklårt bruksområde. Dersom tanken er å gi heimel for reaksjon ved for eksempel krenkande og skadelig åtferd generelt, for å verna medstudentar, tilsette eller tredjepersonar, så bør setninga «Bestemmelsen omfatter situasjoner....» osv. endrast, slik at det kjem tydelig fram.

Til § 10-6 (forslag: § 10-1). *Krav om politiattest*, andre ledd: UiT meiner regelen bør klargjera at det ikkje berre er forhold studenten er dømt for som kan gjera studenten uskikka. Det bør klargjerast at ein kan leggja vekt på alle livsproblem og handlingar som verkar inn på vurderinga av om ein i dag

kan ha tillit til studenten eller ikkje. Forholdet studenten er dømt for blir slik berre ein inngang til å gjera slik heilheitsvurdering. Dette har vore praksis hjå Felles klagenemnd, og gir ei meir fornuftig vurdering. Forslag til ny ordlyd:

§ 10-6. *Krav om politiattest. Utelukkelse fra praksis.*

I studier der studenter kan komme i kontakt med mindreårige som del av klinisk undervisning eller praksisstudier, kan institusjonen kreve at studentene legger frem politiattest som nevnt i politiregisterloven § 39 første ledd, ved opptak til og underveis i studiet. Hvis det gjelder særlige regler om politiattest for bestemte typer yrkesutøving, gjelder disse tilsvarende for studenter som deltar i praksisstudier eller klinisk undervisning.

Når en student har merknad i politiattesten, skal styret ta stilling til om studenten skal utelukkes fra praksis på vedkommende studieprogram.

Dersom de forhold studenten er dømt eller har vedtatt forelegg for og sakens øvrige opplysninger innebærer at vedkommende må anses som uskikket til å delta i arbeid med pasienter, brukere, barnehagebarn, elever eller andre, kan studenten utelukkes fra praksisstudier eller klinisk undervisning. Et vilkår for å utelukke studenten er at slik deltakelse må anses som uforsvarlig på grunn av kontakten studenten får med de nevnte gruppene i denne forbindelse.

Dersom en student er siktet eller tiltalt for straffbart forhold som omtalt i politiregisterloven § 39 første ledd eller i politiattest i medhold av særlige regler om politiattest for bestemte typer yrkesutøving, kan studenten utelukkes fra praksisstudier eller klinisk undervisning etter vilkårene i forrige ledd, til rettskraftig dom foreligger eller saken er henlagt.

Departementet kan gi forskrift om saksbehandling ved utestenging grunnet straffbare forhold.

Til § 10-7. *Graden philosophiae doctor*, tredje ledd: I tredje ledd er det forslag om videreføring av ei opning for usakleg forskjellsbehandling mellom ph.d-studentar som fuskar ved eigen institusjon og andre studentar. Ph.d.-studentar kan få avbrote studiet **eller** få eksamen annullert etter å ha fuska. Andre studentar blir **både** utestengt og får eksamen annullert ved fusk (forslaget § 10-3). Forslag til endring, som vil gi meir like reglar: setninga som startar med «...eller om forholdet...» blir endra til ..., **og om forholdet er så alvorlig at det gir grunnlag for tvungen avslutning etter første og andre ledd i denne bestemmelsen.**

Til § 10-7 *Graden philosophiae doctor*, fjerde ledd: Dette er ein særregel om klage over sensur på doktoravhandlingar. Han høyrer ikkje heime i kapittel 10 om sanksjonar, men må stå i kapittel 8. UiT føreslår at § 10-7 fjerde ledd blir andre ledd i § 8-12.

Til § 10-9 *Forbud mot bruk av klesplagg som helt eller delvis dekker ansiktet* som utvalet føreslår skal videreførast. Dette er ein regel studentorganisasjonar, UHR og dei fleste UH-institusjonane ikkje ønska, og UiT føreslår at han blir fjerna.

Merknad til § 10-10: Det går fram av merknaden at det er nok med simpelt fleirtal for å gjera vedtak om utestenging. UiT støttar ikkje dette forslaget og meiner at gjeldande krav om to tredjedels fleirtal bør videreførast. Utestenging er en alvorleg sanksjon som har store konsekvensar for studenten. UiT meiner derfor det er god grunn til å krevja kvalifisert fleirtal i slike saker.

Kapittel 11 Ansettelses

Det er positivt at alt som handlar om tilsetjingar vert samla i eitt lovkapittel som følgjer strukturen i statstilsettelova.

UiT støttar at ei arbeidsgruppe med medlemmer frå sektoren greier ut korleis tilsetjingsprosessar ved universitetet og høgskular kan bli gjort raskare, og om det vil vere positivt å vurdere beste praksis for heile sektoren.

Til § 11-7. *Ansettelse på åremål*: Utvalet foreslår ei tilføyning til § 6-4 fjerde ledd i gjeldande lov, der det står at det ikkje er høve til å tilsetje for meir enn ein periode som postdoktor. Dette blir gjort for å presisere at postdoktorstillingar har som funksjon å sikre den tilsette sitt høve til å kvalifisere seg til ei fast undervisnings- og forskarstilling. Fleire postdokortilsetjingar støttar ikkje opp om ein slik intensjon. UiT tilrår å vente med ei slik tilføyning til arbeidet med å sjå nærare på postdoktorstillingane er slutført, jamfør prosjektet *Kartlegging og analyse av postdoktorstillingen* som departementet har lyst ut.

Kapittel 12 Institusjonen si klagenemnd og nasjonale klageorgan

UiT støttar endringane utvalet foreslår.

Kapittel 13 Behandling av personopplysninger

UiT foreslår at paragraftittelen til § 13-1 vert endra til *Innhenting og behandling av personopplysninger til studieadministrative formål*. Vi meiner det er uheldig at tittelen har eit systemfokus fordi det kan opna for tvil om kva som er eit studieadministrativt system og føra til utilsikta avgrensingar i kor opplysningane vert behandla.

Kapittel 14

UiT støttar endringane utvalet foreslår.

Kapittel 15 Akkreditering av institusjonar og studietilbod

UiT støtter utvalets forslag om å gjennomgå studiekvalitetsforskrifta og studietilsynsforskrifta med formål å slå dei saman til ei forskrift. Det vil forenkla reglane for akkreditering og kvalitetsarbeid og gjera dei meir oversiktlege.

Kapittel 16 Avsluttande avgjerder

UiT har ingen innspel til kapitlet.